

## Sammendrag av utomhusplan for Strandebarmheimen

Landskapet rundt Strandebarmheimen skal med anna opparbeidast med sansehage, leikeplass, amfi, elveleie regnbed og turløype. Det er ein tydeleg avgrensing mellom privat og offentleg uteareal. Det offentlege området skal vere i størst mogleg grad opparbeida natur med stadeigne plantar i kupert landskap, med tydelege målpunkt programmert for ulike aktivitetar.

### Pergola

Fasaden til bygget er omkransa av ein pergola som fungerer som passasje mellom inngangspartia og hagen. Klatreplantar veks på pergolaen så bebuarar får ein frodig og grøn gjennomgang rundt bygget, samstundes som det gir eit avbrekk frå sol, og skjermar mot vær og vind. Plantane reduserer innsyn i leilegheitene, og skapar private soner som kvar enkelt bebuarar møblerer, og skaper god mobilitet mellom aktivitetssonar og bustader, både inne og ute.

### Sansehagen – ein aktiv og trygg plass

Sansehagen framstår som eit avgrensa og opparbeida hageområde austvest i utomhusplanen. Hagens tydeleg avgrensing sikrar ein kjensle av tryggleik fordi han er orienterande og definert. Programmeringa av hagen gjer at mellom anna sitjegruppe, grillområde, lysthus og dyrkningskasse er plassert for best mogleg sol- og skuggeforhald. Sansehagen vil vere eit prioritert område for vedlikehald, og kan derfor vere opparbeida med planter med ulike lukter og materialitetar, rare fasonger, smakar og fargar. Det vil også vere eit område med rullestolvennlege dyrkningskassar der bebuarar, personale og skuleklasser kan vere med å dyrke i hagen.

### Møte mellom skulebarn og bebuarar

Leikearealet som grensar mot Strandebarmheimen skule gir eit sted å leike for barnebarn medan dei er på besøk eller kjem innom etter skulen. Det er godt utsyn frå Strandebarmheimen mot leikeplassen så det blir mogleg for bebuarar å sjå barn leike utanfor vindaugen, samstundes som det leggast opp til roleg leik utan unødvendig støy. På denne måten kan bebuarar ta aktivt del i samfunnet, både inne og ute. I uteareala er det lagt opp til at dyr kan komme på besøk. Her kan lokale bønder eller andre dyreeigarar til dømes ta med seg

geiter, hestar, hundar, lam som kan skape ein interaksjon, aktivitet og nysgjerrigkeit mellom bebruarar og skulebarn.

### Stadeigen natur

Uteområdet skal ha mest mogleg naturleg terreng og vegetasjon som speglar stageige natur i Kvam. Den stadeige naturen skapar gjenkjensle og kjensel av å høyre til. I nord er det skapt ein kolle med lyngfuruskog og blåbær som skapar ein skilnad mellom utomhusarealet og bilvegen. Elles er det treslag som til dømes alm, hassel, eik og lind. Takvatn renn i ei elv og ledar det ned til eit regnbed, og fordrøyast. Regnbedet vert fylt når det regnar mykje og tørkar ut når det er lengre periodar med opphaldsvêr. Plantane her toler både tørke og flaum. Vatnet som landar på andre overflatar drenerast lokalt. Regnbedet vil framstå som eit naturleg element i det naturrike landskapet.

### Mjuke trafikantar

Gangstiar og forbindelsar er universelt tilgjengelege med målpunkt og moglegheit for turrunder med ulike utfordringsgradar. Belysning med pullertar langs gangstiane lyser forsiktig opp gangvegen samstundes som det gir moglegheita for å oppleve stjernehimmelen. Belysninga skal ha ein god balanse mellom nok belysning, men samstundes ikkje skape lysforureining. Lysapparat ved parkeringsplassen skal vere opp til 4 meter for å sikre trygg ferdsel for ferdsel på parkeringsplassen. Langs med gangstiane er det enkel og oversiktleg skilting som skapar enkel orientering for bebruarar og besökande. For å oppmøde til bruk av sykkel er det lagt opp til parkeringsplassar nært hovudinngangen og leikeareala.